

Lik og likskap.

NOU:2. Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav.

Uttale frå Hjartdal kyrkjelege fellesråd.

Økonomisk jamstilling mellom kistegravlegging og kremasjon er positivt.

Forslag om at transport av kiste til krematorium i regi av fellesråd/kommune i staden for gravferdsbyrå fordrar at kommunane settast i stand til å halde eigna bil til føremålet- eventuelt i samarbeid med andre kommunar. I dag er det berre gravferdsbyråa som har dette. Det bør og vera aktuelt å gjere avtalar med desse for transporten som skal finansierast av felleskapen.

At festeavgift ikkje krevjast for bruk av leigde/festa graver er positivt og i tråd med vår praksis i dag. Likeeins at gravferder av folk frå andre kommunar ikkje skal betalast for. Det er forslag om at fellesrådet/kommunen ikkje skal kunne nekta for mottak av lik utanfrå, men at kostnadene ved desse skal kompensast etter vedtekne og tilrådde satsar mellom kommunane/fellessråda. Om omfanget av gravferder utanfrå vert av same omfang som i dag er ikkje dette noko problem. Om omfanget aukar vesentleg, slik det etterkvart kan sjå ut til, ikkje minst i turistkommunar som Hjartdal, vil det verta eit problem med gravlundane sin kapasitet som er tilpassa lokalbefolkninga. Utviding /nyanlegg av gravlundar som fylgje av denne endringa må i såfall kompensast av staten.

Det er framlegg om at festeperiodane etter dei første 20 friåra skal avgrensast til 5 år om gongen. Hos oss er dette i dag 10 år. Overgang til 5-årsperiodar fører berre til litt meirarbeid, men og til fleire høve til å opna graver for gjenbruk.

Retten til å vedta kyrkjegardsvedtekter foreslås overført frå fellesråd til kommunestyret. Mellomnivået i gravferdsforvaltninga er i dag delt mellom bispedømmeråd og fylkesmann. Utvalet foreslår å overføre dette til fylkesmannen aleine. Slike endringar er ein naturleg konsekvens av skiljet mellom stat og kyrkje og eit trusmessig meir pluralistisk samfunn. Ein foreslår at fellessråda oppretter gravplassutval som skal føre tilsyn med gravplassforvaltninga i kommunen. Dersom gravplassforvaltninga vert fellesrådet sitt ansvar i framtida, noko utvalet ikkje tek stilling til, er dette heilt ok. (Om kommunane overtek ansvaret vert dette ivareteke gjennom kommunelova.)

Om fellessråda framleis skal ha ansvar for gravplassforvaltninga vert det foreslått at løyvingane til fellesrådet vert delt i ein kyrkjeleg del og ein gravplassdel. Dette for at ein ikkje skal kunne samanblende ressursar berekna til dei ulike oppgåvene. Argumentasjonen for dette synest svak. Fellesrådet sine rekneskap førast og innrapporterast i kostra på same måte som kommunerekneskapen, og at det er fullt mogeleg å ta ut ynskja informasjon også

frå desse rekneskapa. Samstundes er den største ressursen i gravplassforvaltninga dei tilsette. I langt dei fleste fellesråd er dette kombinerte stillingar som kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar. Ei nitid timeføring av ressursbruken i dei to arbeidsområda opplevast lite motiverande og turvande. Ei eventuell overføring av gravplassforvaltninga til kommunane vil og føre til enda mindre brøkstillingar enn i dag og vanskeleggjere rekrutteringa til stillingane (spesielt kyrkjetenarfunksjonane). Dei fleste av dagens fellesråd vil i praksis verte for små til å vera eigne arbeidsgjevarar. Spørsmålet om plassering av gravplassforvaltninga må sjåast i saman med den framtidige organiseringa og plassering av arbeidsgjevaransvar i kyrkja. Ser ein bort frå delingsutfordringane ved desse kombinasjonsstillingane er det ikkje noko problem å få kommunal løyving som ein kyrkjedel og ein gravplassdel. Dette bereknast også i dag når vi reknar ut kor mykje dei andre trussamfunna skal motta i kommunal støtte pr. medlem.